



GLOBAL FLORØ AS
Kyllervegen 4
6906 FLORØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Toril M Mulen, tlf 5764 3127

Rapport etter tilsyn hos Global Florø AS i Kinn kommune

Kontrollnummer: 2025.030.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne under tilsynet 2. april 2025 hos Global Florø AS (organisasjonsnummer: 911761785).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har brot på vilkår i løyvet
- Avvik 2: Verksemda har manglar i si handtering og lagring av farleg avfall
- Avvik 3: Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Global Florø AS må snarast rette opp avvika. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 27. juni 2025 som viser korleis de har retta avvika, og /eller ein tidfesta handlingsplan for å rette det som eventuelt står att. Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav ingen merknader

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø,, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Global Florø AS må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2020/7261.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1 : Verksemda har brot på vilkår i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet etter forureningslova til Global Florø AS datert 20.09.1999, punkt 5.2 prøvetaking

Løyvet etter forureiningslova til Global Florø, kapittel 4 om avfall og slam i vilkårsdelen punkt 4.1

Om krava

Fire – 4 – gonger i året skal det takast prøver av prosessavløpsvatnet.

Alle typar avfall (slakteavfall, daudfisk, feitt, slam, plast, papir m.v) skal samlast opp etter kvart og handterast slik at det ikkje oppstår forureining. Dumping i sjø eller vassdrag er ikkje tillete. Det same gjeld nedgraving eller brenning.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

I løyvet til verksemda står det at det skal takast fire prøver årleg av utslepp til vatn. I 2024 vart det målt 2 prøver. Dette er eit brot på vilkår i løyvet.

Under kontrollen kom det fram at animalsk biprodukt kategori to (K2) går ut gjennom reinseanlegget saman med prosessavløpsvatnet til hamnebassenget. Dette er brot på vilkår i løyvet om at alt avfall skal samlast opp, og at dumping i sjø ikkje er tillete.

Avvik nr. 2: Verksemda har manglar i si handtering og lagring av farleg avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring av farleg avfall

Avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt

Om krava

Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall skal gjennomføre naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Ei verksemd der det oppstår farleg avfall, skal levere dette til godkjent avfallsmottak. Det farlege avfallet skal leverast minst ein gong per år. Plikta trer ikkje i kraft før den totale mengda farleg avfall overstig 1 kilo.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under tilsynet kom det fram at merkinga av behaldarane for mellomlagring av farleg avfall som stod ute i farleg avfall-containeren var mangelfull då denne ikkje viste kva type farleg avfall som skulle mellomlagrast kvar. For å unngå samanblanding av ulike typar farleg avfall, og for å kunne deklarerer det farlege avfallet på rett måte, er det viktig at behaldarane for mellomlagring av farleg avfall, er merka med kva dei inneheld.

Erfaring viser også at ved ein eventuell brann er utrykkingspersonellet tilbakehaldne med å gå inn i eit område dersom det ikkje er tydeleg oversikt over kva farleg avfall som er lagra kvar.

Ut frå det som vart sagt under tilsynet, og ut frå oversikt over farleg avfall registrert i avfallsdeklarering.no, framstår det som om farleg avfall kan verte liggande meir enn eit år før det vert levert til godkjent avfallsmottak.

Avvik nr. 3 : Verksemda har manglar i internkontrollen

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Internkontrollforskrifta § 5, punkt 6 og 7

Om krava

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav som er fastsette i, eller med heimel i helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har eit måleprogram i internkontrollen. I måleprogrammet står det at det årleg skal takast 4 prøvar av prosessavløpsvatnet. I 2024 vart det teke berre to prøvar, jf. avvik 1. Verksemda følgjer dermed ikkje krava i løyvet, og heller ikkje sine egne rutinar. Det er ikkje skrive avvik på at verksemda har brot på vilkår i løyvet, og brot på egne rutinar.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtek at Global Florø AS må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 28. mars 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnleggjast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert teken til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Grete Hamre
- Toril M Mulen

Kontaktperson hos verksemda:

- Helge Langeland
- Ithaya Segaran

Anlegg

Anlegget til Global Florø AS i Gunhildvågen i Kinn kommune vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- deler av internkontrollen

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Global Florø AS er assosiert med Nergård-konsernet.

I tillegg til rundpakking av pelagisk fisk og filetering av sild, har verksemda anlegg for å ta ut og reinse rogn frå lodde.

Verksemda har nytt anlegg for å produsere ensilasje frå avskjer.

Produksjonskapasiteten ved Global Florø AS er høgare enn 75 tonn ferdig produkt per døgn, jf. forureiningsforskrifta kap. 36, vedlegg I punkt 6.4 b). Verksemda er dermed omfatta av EU sitt industriutslippsdirektiv (IED) med tilhøyrande BAT-konklusjonar for næringsmiddelproduksjon og bindande utslippsgrenser (BAT-AEL).

Verksemda har søkt Statsforvaltaren om mellombels unntak frå BAT-AEL. Denne søknaden ligg per i dag til samråd hjå Miljødirektoratet.

Global Florø har eit gammalt utslippsløyve som må reviderast og oppgraderast til dagens krav. Dersom verksemda får unntak frå BAT-AEL-krava i eit gitt tidsrom, vil vi starte prosessen med å endre løyvet.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701

MÅLØY